



Den nye renovasjonsbilen hentar restavfall og bio ved Kvinnherad Vekstbedrift. Bilen har sidelastar og to kammer.

I denne veka er dei nye bosbilane med to kammer på plass i Uskedalen. I dag fekk vi sjå renovatøren i arbeid med sidelastar og to kammer for restavfall og bio. Dei fleste dunkane var sett til vegen slik det er føreskrive i informasjon frå SIM. Ikkje alle fekk med seg at måndag 9. april var starten på ny renovasjonsordning.

Uskedalen.no snakka med sjåførane. Det vil letta arbeidet mykje om alle set dunkane i rett system med opninga ut mot vegen. Måndag er tømmedagen i Korsneset og på Rød og Ljosnes. Resten av Uskedalen har tysdag som tømmedag.

I dag fekk vi sjå den nye bilen som hentar restavfall og bio. Bilen har sidelastar og vil vera på plass to gonger i månaden. Den andre bilen med baklastar vil koma ein gong i månaden. Då skal papir og plast setjast til vegen eller der det er samleplass for boshenting,

Hentinga vert mykje smidigare og meir effektiv for renovatørane om alle føl oppsett plan og informasjon frå SIM.

Tekst/fot/nett: Kristian Bringedal



Dunkane skal stå rett gruppert med opninga (loket) mot vegen.